

Samandrag Soga om Gunnlaug Ormstunge

Tala er kapittelnummer

Innleiing:

- Varseldraum: Torstein Egilsson og Jofrid skal få dotter som to menn skal slåst om til dauden. 2.
- Torstein prøver å få bori ut jenta nyfødd, men ho blir lurt unna og får komma heim som fager ungjente, Helga. 3.
- Gunnlaug blir uven med far sin, er mykje hos Torstein, blir ven med Helga. 4.
- Gunnlaug frir til Helga. Får fyrst nei fordi er vinglut / uforstandig, men får lovnad om henne så sant han skikkar seg vel i utlandet og kjem heim innan tre år. 5.
- Gunnlaug kjem til Eirik jarl, fornærmar han og blir utlæg i Noreg. 6.
- Gunnlaug kjem til kong Adalråd i England, blir hirdmann og vinn stor ære der. 7.
- Gunnlaug fer til Irlands-kongen, Orknøy-jarlen, vestgötejarlen og sveakongen, og blir alle stader høgt æra. 8-9.

Konflikt:

- Gunnlaug får Ramn til fiende hos sveakongen fordi han har sverta Ramn i kongens påhøyr. Ramn lovar å vanære Gunnlaug til gjengjeld. 9.
- Ramn frir til Helga. Får nei fordi sommaren tredje året ikkje er liden. 9.
- Ramn frir på nytt, forsommaren fjerde året. Får "ja" så sant ikkje Gunnlaug kjem om sommaren. 9.
- Gunnlaug er den tredje vinteren hos kong Adalråd. Om sommaren får han ikkje fara, for dansk invasjon er venta. Gunnlaug er i England fjerde vinteren òg. Etter midtsommar slepp han ifrå, fer til Noreg, og får skyss med siste skip til Island. 10.
- Ramn gift med Helga. Gunnlaug kjem heim til Borgarfjorden den kvelden bryllaupet står. 10-11.
- Ramn drøymmer varsel: Blir drepen. Helga skjønar at Gunnlaug er kommen att, og avviser Ramn. 11.
- Gunnlaug og Helga møtest i anna bryllaup, og Gunnlaug og Ramn møtest. Gunnlaug nære på å gå laus på Ramn. 11.
- Alltinget: Gunnlaug utfordrar Ramn til holmgang. Endar uavgjort. Dagen etter blir vedteki forbod mot holmgang. Gunnlaug og Helga møtest. 11.
- Ramn utfordrar Gunnlaug til holmgang i Noreg. 11.
- Ramn seglar til Trøndelag, ventar på Ramn i to år; i Nidaros, så på Levanger. 12.
- Gunnlaug sitt skip kjem seint i veg, hamnar på Orknøyane. Er der ein vinter, blir med Orknøy-jarlen på hærferd om sommaren, så til Noreg. Er i Nidaros om vinteren, blir til slutt spotta for at ikkje oppsøker Ramn. 12.
- Fer etter Ramn, som nett har lagt i veg mot Jemtland. Når att Ramn på grensa. 12.
- Gunnlaug og Ramn slåst. Ramn døyrr, Gunnlaug døyrr av sår tre dagar etter. 12.

Etterspel:

- Illuge Svarte krev bot for Gunnlaug, son sin, av Ånund, far hans Ramn. Får ikkje. 13.
- Illuge drep / skam-fer to frendar til Ånund. 13.
- Hermund, bror hans Gunnlaug, drep brorson til Ånund. 13.
- Helga blir gift med Torkjell Hallkjellsson. 13.
- Helga døyrr av sjukdom. 13.

Eldar Heide

30.10.2007

Bruk gjerne dette samandraget, men oppgjev kjelde: <http://www.uib.no/People/hnoeh/>